

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

ÅRSMELDING 2025



Vik kyrkjelege fellesråd har ansvar for 5 kyrkjer og 7 gravplassar:

Vik kyrkje
Arnafjord kyrkje
Vangsnes kyrkje
Feios kyrkje
Fresvik kyrkje

Vik gravplass
Arnafjord gravplass
Vangsnes gravplass
Feios gravplass
Fresvik gravplass

Hopperstad gravplass
Hove gravplass

Medlemmer i fellesråd

Fellesråd frå 01.12.2024 – 31.12.2025 :

Leiar	Turid Kristine Brekke	Vik sokneråd, fram til og med 31.8.25
	Solrun Skogheim	Feios sokneråd, frå 1.9.25
Nestleiar	Solrun Skogheim	Feios sokneråd, fram til 31.8.25
	Oddvar Tryti/ Silje Grønningsæter	Vik sokneråd, frå 1.9.25
Medlemer	Brita Sissel Turvoll	Vangsnes sokneråd
	Nann Ingun Simlenes	Fresvik sokneråd
	Endre Nese	Arnafjord sokneråd
	Karen Helene Bøhn Melhus/ Rasmus Rustad sokneprest,	t.o.m. 1.8.25
	Kjell Olav H. Nordheim	prost, frå 1.8.25
	Roy Egil Stadheim	Vik kommune sin representant
Varamedlemmar:	Arnstein Fedje Linde	Feios sokneråd
	Gyda Bøtun	Fresvik sokneråd
	Marit Hanekam	Vangsnes sokneråd
	Oddvar Tryti/Silje Grønningsæter	Vik sokneråd
	Olav Dale	Arnafjord sokneråd
	Prost	Indre Sogn Prosti

I 2025 har fellesrådet halde 5 møte (5 møte i 2024) og har handsama 30 saker (29 saker i 2024). Kyrkjevevje er sekretær for rådet.

Tilsette fast stilling :

- Kyrkjevevje 50% stilling: Marit J Andersen t.o.m. 31.8.25
100% stilling: Turid Kristine Brekke frå 1.9.26
- Kyrkjelydsarbeidar 50% stilling: Marit J. Andersen frå 1.9.25
- Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeider 80% stilling: Nils Kvamme
10% stilling: Jonathan Nahayo
- Organist 75%stilling: Krista Revsbech

Medarbeidarar utan fast tilsetjing som arbeider etter tilkalling/timebetaling:

- Organist; Inger Marit Hove, Ole Agnar Helland
- Kyrkjetenarar: Henk Van Nierup/ Arne-Olav Lien Bardølsgård og Britt Inger Rinde Eikeland i Fresvik og Feios. Jonathan Nahayo i Vik, Vangsnes, Arnafjord (i tillegg til 10% fast)
- Klokkar ved gudstenester og gravferder og medverkande innan trusopplæring: Tove Sortevik Geithus og Kirsti Jelle Hopperstad
- Sommarvikarar til arbeid på gravplassane

Frivillige medarbeidarar

Det er gode og stabile medarbeidarar som yter frivillig tenester i kyrkjelyden. Dette gjeld både kvardagsskule i Vik og ungdomsklubb i Feios og Fresvik, babysong og misjonsarbeid. I tillegg stiller soknerådsmedlemmer og andre opp som kyrkjevært ved gudstenester og når det vert arrangert dugnad. Dei frivillige er særst viktig for å få gode tenester i kyrkja, og me vonar me kan rekruttere fleire til dette viktige arbeidet.

Medarbeidarfest på kyrkjestova som markering av god teneste i 2025 vert avvikla i januar 2026, då hausten vart travel med nyttilsett kyrkjeværje kombinert med vikarprest.

Prestetenesta:

- Sokneprest i 100% stilling: Karen Helene Bøhn Melhus fram til foreldrepermisjon i april 2025. Rasmus Rustad vikarierte i 70 % stilling t.o.m. juli månad.
- Vikarierende sokneprest i 80 % stilling frå august 2025
- Rasmus Clemens Bolstad Rustad var fengselsprest i 30%, prostiprest i 30 % og arbeidde med trusopplæring i 40 % stilling til april.
- Runar Matsui-Li, prest i Balestrand, har frå august 2025 hatt ansvar for Vik fengsel og konfirmantundervisninga.

Sokneråda:

Dei fem sokneråda legg fram eigne årsmeldingar for sine sokn. Leiarar frå sokneråda i 2025 :

Sokeråd	2025
Arnafjord	Endre Nese
Vik	Reidunn Bolstad
Vangsnes	Tommy Halset
Feios	Arnstein Fedje Linde/Solrun Skogheim
Fresvik	Kirsten Bøtun

Gjennomføring og tilbod

Kyrkjelege handlingar	2022	2023	2024	2025
Døypte	25	14	19	39
Gravferder	32	42	34	36
Konfirmantar	26	21	29	23
Vigsel	6	6	6	7
Tal søndagsgudstenester	65	57	62	46
Totalt tal gudstenester	83	80	68	67
Gjennomsnitt deltaking søndagsgudstenester	47	43	41	35
Gjennomsnitt deltaking alle gudstenester / inkl. høgtid og konfirmasjon)	47	47	46	44

På «Gamalostfestivalen» 7. juni 2025 hadde Vik kyrkje stand på Øyri. Det vart eit samarbeid mellom tilsette og sokneråda, der særskilt Vik sokneråd var aktiv. Det vart eit populært tiltak og mange stoppa for ein god prat og «kyrkjekaffi/-kaker». På standen var det litt konkurranse og informasjon om «dropp-in-dag» i Vangsnes kyrkje 30.8.25 med tilbod om både drop-in dåp og vigsel. Det var eit brudepar som nytta seg av tilbodet! Ein komande konfirmant valde også å døype seg denne dagen!

Vik kyrkje var stengt i byggeperioden for «ein inngang for alle», den nye rampen. I denne perioden, frå 1.juni til 15. september, vart kyrkjestova nytta og det vart halde 2 gudstenester og 9 gravferder her. Under gudstenestene og gravferdene var ein kyrkjetenar i kyrkja og ringde med kyrkjeklokkene på signal frå kontaktperson i kyrkjestova. God planlegging i forkant gjorde at ordninga med å bruke kyrkjestova fungerte bra og stiftinga for kyrkjelydshus i Vik skriv i si årsmelding «Kanskje var det noko uvant med ei slik ordning, men dei som melde attende nemnde nærheit og fin oppleving».

Utover dette har drifta stort sett vore gjennomført som tidlegare år. Naturlege svingingar styrt av fødselstal og tal gravferder. Det er gledeleg at både innbyggjarar i Vik og andre søker dåp og vigsel i kyrkjene våre. Nokre få gudstenester er flytta frå søndag til andre dagar, til dømes helgemesse som vart flytta til laurdag med god oppslutnad.

Trusopplæring og konfirmantarbeid

Stillinga som kyrkjelydsarbeidar var vakant fram til 1.9. 25 (stillinga var vakant i heile 2024). Hausten 2024 fekk fellesrådet ein avtale med Bjørgvin bispedøme om kjøp av tenester. Fengersprest Rasmus Rustad gjekk då inn i arbeidet med trusopplæring i 40% stilling med hovudfokus på styrking av konfirmantarbeidet og babysong. Avtalen gjaldt til juni 2025. Frå 1.9.25 start Turid K. Brekke opp i jobben som kyrkjevevjer og Marit J. Andresen gjekk over i stilling som kyrkjelydsarbeidar.

Soknepresten har hatt ansvar for konfirmantundervisning felles for alle sokna. Det er god oppslutnad om konfirmasjons-tilbodet. Konfirmasjonsgudstenester vert halde i dei kyrkjene der konfirmanten soknar til. Då soknepresten slutta i august, vart det Runar Matsui-Li som overtok undervisninga frå hausten 2025.

Kvardagsskulen i Vik: Denne er leia av Karen Tangstad med Tove Geithus som medarbeidar. Denne frivillige tenesta er svært viktig og det er god oppslutnad om tilbodet til barn frå ca 3-års alder og oppover med eige tilbod til dei eldste.

Babysong (tidlegare formiddagstreff) for baby/ små barn og vaksne vart starta opp att hausten 2024 etter nokre års pause. Babysong heldt fram både vår og haust i 2025. Våren 2025 var Rasmus Rustad ansvarleg og Turid K. Brekke tok over ansvaret for haust-treffa. Organist Krista Revsbech har vore med og spelt på gitar i heile 2025, i tillegg har to frivillige medarbeidarar vore med og laga i stand måltid.

Ungdomsklubbane i Feios og Fresvik har vore arrangert av sokneråda i samarbeid med Trond Kråvik (Norsk Luthersk Misjonssamband) og elevar frå Sygna. Tilbodet er ein kveld i månaden.

Musikk og kultur

Det har vore tilbod om organist ved alle kyrkjelege handlingar i 2025. Både fast tilsett organist og vikarar har delteke. Det har også vore arrangert salmekveld på kyrkjestova i samband med påskehøgtida. Det har vore samarbeid om å få på plass forsongar/solistar/kor ved enkelte gudstenester og andre kyrkjelege handlingar.

Også sommaren 2025 vart det arrangert musikkmesser 5 kveldar i Hove kyrkje. Vidar Vikøren og Arne Kirk Olden-Wikestad stod for organisering og gjennomføring saman med prest og andre gjeste-musikarar. Vel gjennomført og godt besøkt tiltak gjennom sommaren.

Kyrkjene har vore opna for konsertar både av lokale aktørar og andre som har leigd kyrkjene.

Tiltak for vaksne og familiar

Det er to misjonsforeiningar i kyrkjelyden i Vik: Flatbygdi kvinneforeining og Kyrkjestova misjonslag. Denne organiserte også i 2025 Kyndelsmessebasaren.

Saman med Vik sokneråd inviterte fellesrådet «Gullkonfirmantar» til fest i september for dei som var konfirmert i Arnafjord, Vik og Vangsnes i 1975. God oppslutnad og glede ved å verta invitert.

Vik kyrkjeleg fellesråd som gravplassmyndigheit.

Forvaltning av gravplassar er regulert av lov, sentrale forskrifter og lokal vedteken forskrift.

Arbeidet med å oppdatere dei elektroniske gravkarta våre held fram i 2025. Ein har arbeidd vidare med harmonisering av digital oversikt av dei fysiske gravplassane. Tilbod om feste er sendt ut til dei som eig graver der fredingstida på 30 år er utgått.

Vik kyrkjeleg fellesråd har ansvar for mange gamle gravplassar, og vedlikehald på desse er krevjande. Me må finne ein standard på oppgradering og dagleg vedlikehald sommarhalvåret som er verdig. Kyrkjegardane kan ikkje samanliknast med privat hage. På dette området er det viktig å få ut informasjon til innbyggerane våre slik at deira forventningar harmoniserer med det fellesrådet har ressursar til.

Vedlikehald av kyrkjene

Vik kyrkjeleg fellesråd fekk i 2022 utarbeida ei enkel tilstandsanalyse som grunnlag for prioritering av framtidig vedlikehald på alle kyrkjene. I tillegg til tiltaka som kjem frå i tiltaksanalysen er det fleire mindre tiltak som vert utført fortløpande gjennom året.

Utfordringa er å få prioritere «må-oppgåvene» slik at me tek vare på bygg og anlegg på ein forsvarleg måte.

Kyrkjetak

Alle kyrkjene våre har skifertak. I Fresvik og Arnafjord er desse i god stand. I Feios, Vik og Vangsnes er det oppdaga vasslekkasje i variabel alvorsgrad. Kyrkjene i Vik, Vangsnes og Feios har til felles at skiferheller ramlar ned på gravplassen tid om anna. For å vere på den sikre sida og unngå personskade, har ein mellombels sperra av deler av gravplassane i påvente av reperasjon/restaurering av skifertaka.

Fellesrådet har avtale med Bech Arkitektar om konsulentbistand i samband med prosjektering, anbodskonkurranse og utføring av reperasjon/restaurering av skifertak på dei tre kyrkjene. I slutten av 2024 gjorde Vik kyrkjelege fellesråd vedtak om å prioritere taket på Vangsnes kyrkje først og i 2025 har det vore dialog med både riksantikvar og Bjørgvin Bispedømme for å få på plass naudsynt godkjenning av tiltaket. På hausten vart det lyst ut offentleg tilbodskonkurranse. Det kom inn 5 tilbod. Skifertak AS vann konkurransen. Vik kommunestyret har løyvd midlar til gjennomføring av tiltaket på Vangsnes i 2026. Kyrkjeverje har i tillegg sendt inn søknad til Kirkebevaringsfondet om stønad til prosjektet. Det er venta svar frå Kirkebevaringsfondet tidleg i mars 2026.

I desember 2025 vedtok Vik kommunestyre fortsatt løyvingar til prosjektering og utføring for alle tre kyrkjetaka innan økonomiplanperioden på 4 år: Vangsnes kyrkje i 2026, Vik kyrkje i 2027 og Feios kyrkje i 2028.

Universell tilkomst til Vik kyrkje «Ein inngang for alle»

Dette er eit prosjekt som starta i 2018 av Vik sokneråd. Prosjektering og planlegging stod stille i korona-perioden. I 2024 fekk me vidareført arbeidet, slutført teikninga og fekk tiltaket godkjent hjå Vik kommune, fylkeskommunen og Bjørgvin bispedømme. Ved utlysing av konkurranse fekk me ein tilbydar på å bygge den nye inngangen. Vik kommune løyvde tilstrekkeleg midlar og arbeidet med bygging av «ein inngang for alle» ved Vik kyrkje hadde oppstart i juni med sluttdato 15.september 2025. I tillegg til løyvingane frå Vik kommune, har det kome inn pengegåver. Søndag 28.september vart den nye inngangen opna, ordføraren klippte snora og vi kunne gå inn til gudsteneste på den nye rampen.



Figur 1: Opning av «Ein inngang for alle» ved ordførar Roy Egil Stadheim, Reidunn Bolstad, leiar i Vik sokneråda og kyrkjeverje, Turid K. Brekke.



Figur 2: Inngang til Vik kyrkje - etter og før ny rampe.

Handsama saker i Vik kyrkjeleg fellesråd

- Rekneskapsrapportar pr 30.4. og 31.8.
- Årsmelding
- Årsbudsjett og årsrekneskap
- Rekneskapan for kyrkjelydsbladet vert administrert av Vik kyrkjelege fellesråd
- Oppstart av byggefasen universell tilkomst Vik kyrkje, «ein inngang for alle»
- Organisering av Vik kyrkjelege fellesråd:
 - 100% stilling som kyrkjeverje frå 1.8.25
 - 50% stilling som kyrkjelydsarbeidar frå 1.8.25
 - 100% stilling som leiande kyrkjetenar
 - 75% stilling som organist
 - 10% stilling som kyrkjetenar

Kyrkjeverja lyser ut 100%stilling som kyrkjeverje, og tilbyr leiande kyrkjetenar å gå opp frå 80%-100% stilling

- Etablere ei arbeidsgruppe for å planlegge namna minnelund og gravminnemuseum på Fresvik gravplass

- Tilsetjing av kyrkjeverje, samt at tidlegare kyrkjeverje går over i 50% stilling som kyrkjelydsarbeidar
- Handsaming av plan for vedlikehald av kyrkjer og gravplassar
- Reperasjon av kyrkjetak
- Grunnforhold på kyrkjegarden i Arnafjord, prosjektering av geolog/geoteknikkar som grunnlag for avgrensa priskonkurrans og utføring i 2026

Informasjon via kyrkjeblad, nettside og facebook

Gjennom informasjon til publikum på gravplassane om korleis stell og vedlikehald, med vekt på plenklypping, blir gjennomført. Som resultat har vi fått langt færre «enkeltklager» og det ser ut som publikum har forståing for våre val.

«Helsing frå kyrkja» kom ut med 3 nummer i 2025. Eit viktig blad som me opplever vert lese og nytta som oppslagsverk. Bladet vert også lagra digitalt på Vik kyrkjeleg fellesråd eiga heimeside <https://www.vik.kyrkja.no/>. Her finn ein meir informasjon om ordningar, kalender over aktiviteten og korleis ta kontakt med kyrkjekontoret. Frå 2025 har kyrkjekontoret teke hand om både det redaksjonelle og rekneskap for kyrkjebladet.

Facebook vert også nytta, og har ein særskilt verdi ved raskt å få ut informasjon til følgjarane av @kyrkjeneivik.

Årsresultat 2025

Driftsrekneskap

Årsrekneskapen vert levert i ballanse. Aktiviteten er mindre i 2025 enn budsjettet. Noko av dette skuldast vakanse i stilling og at kostnaden for pensjonistinnskot var lågare enn budsjettet. Samla medfører dette eit mindreforbruk på løn inklusiv sosiale kostnader på kr 353 000. Det vart kjøpt tenester frå Bjørgvin bispedøme til trusopplæring på kr 108 000. Når det gjeld andre driftsutgifter, er det mindre variasjonar i høve budsjett.

Driftsinntektene er høgare enn budsjettet. Driftsinntektene til fellesrådet er knytt til: Festeavgift på graver, leige av kyrkje, kyrkjeleg handlingar (vigsler, gravferd, urnenedsetting) til personar som ikkje er busett i kommunen. I tillegg er utbetaling frå fond (gravstell) og konto for kyrkjelydsbladet (88 340 kr i 2025) ført som inntekt på post 1 «brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter» i rekneskapen.

Tilskot til trusopplæring frå Bjørgvin vart i 2025 på kr 240 000 og tilskot frå Vik kommune på kr 3 200 000 til drift av fellesrådet.

Totalt er det i driftsrekneskapen registrert eit mindreforbruk på 185 612kr i 2025. For å kunne levere eit årsrekneskap i ballanse, er mindreforbruket satt av på fond («25950011 udisponert mindreforbruk 2024»).

Investeringsrekneskap

Rekneskapen vert levert i ballanse.

I 2025 vart det jobba med to prosjekt: Prosjektering av kyrkjetak (rehabilitering av skifertak på Vangsens, Vik og Feios) og «Ein inngang for alle». Samla investering i anleggsmidlar er: 1 259 718 kr.

For finansiering av prosjektering av kyrkjetak har vi henta midlar som vart avsett på bunde fond i 2024 (2550014 «Vedlikehald tak på kyrkjene»). Ved inngangen til 2025 vart det 246 592kr på dette fondet og no står det att kr 63 000,- . Fondet skal nyttast som vidare finansiering av prosjektet i 2026.

Finansiering av «ein inngang for alle» er vist i eige prosjektrekneskap. For dette prosjektet har vi motteke bundne midlar frå Vik kommune samt pengegåver frå private partar.

Prosjektrekneskapen viser avsetting til bunde fond på kr 199 381,-.

Årsrekneskapen vert lagt fram for revisor til godkjenning

Vik 6.mars 2026

Turid K. Brekke, kyrkjeverje